

HØYRINGSUTKAST:

Fjellstyret ber om innspel om forvaltingsplanen innan 1. februar 2011.

Forvaltingsplan for  
Aurland statsallmenning  
2011-2014



## FØREORD

Denne planen er resultat av arbeidet med revisjon av forvaltingsplanen for statsallmenningane i Aurland, som første gong vart laga i 1996-97, og sidan har vore revidert i kvar fjellstyreperiode. Forvaltingsplanen skal gjelda for 4-årsbolken 2011-2014, og vil før han går ut verta revidert for ein ny 4-årsbolke.

Planen vil vera retningsgjevande for fjellstyret si forvaltning innan felt som fiske, småviltjakt, villrein, beite og andre landbruksinteresser, hytter, oppsynsteneste, informasjon og tilrettelegging.

November 2010

### Aurland fjellstyre

Per Dale  
leiar

Osvald Turlid

Anne Karin Buene

Bente Steine

Olav Grønsberg

Harald Skjerdal  
planansvarleg

### HOVUDMÅLSETJING:

Statsallmenningane i Aurland skal forvaltast i samsvar med fjellova, på ein slik måte at ein fremjar tradisjonell næringsutøving i bygdene og utnyttinga av ressursane i allmenningen, samstundes som ein ivaretek naturvern- og friluftsiinteressene. Fjellstyret skal søkja å oppnå ein god balanse mellom bruk og vern.

## INNHALDSOVERSIKT

1.	NATURGRUNNLAG OG BRUK	Side	4
1.1	Kvar allmenningen ligg	"	4
1.2	Topografi, berggrunn og klima	"	4
1.3	Vegetasjon	"	5
1.4	Fisk	"	5
1.5.	Småvilt	"	7
1.6	Villrein	"	9
1.7	Elg og hjort	"	9
1.8	Landbruk	"	10
1.9	Hytter og andre bygg	"	11
1.10	Sti- og løypenett	"	12
1.11	Vegar og tekniske inngrep	"	12
1.12	Økonomi	"	13
1.13	Fjellstyret si rolle i forvaltinga	"	13
1.14	Oppsynsordning og administrasjon	"	14
2.	PLANSITUASJON	"	14
2.1	Føreliggjande planar som vedkjem området	"	14
2.2	Verneområde	"	14
3.	MOGLEG UTVIKLING	"	15
3.1	Moglege framtidige ynskje om areal for utbygging	"	15
3.2	Organisert utnytting av området av framande aktørar	"	15
3.3	Sannsynleg utvikling av bruken av allmenningen	"	15
3.4	Moglege konfliktområde - moglege samarbeidsområde	"	16
3.5	Moglege nye inntektsområde	"	16
4.	PLANDEL	"	17
	Hovudmålsetjing	"	17
4.1	Fiske og fiskestell	"	17
4.2	Småvilt	"	18
4.3	Villreinforvalting	"	19
4.4	Beite og andre landbruksinteresser	"	20
4.5	Hytter og andre fysiske tiltak	"	20
4.6	Bruken av fjellvegane	"	21
4.7	Oppsynsteneste	"	22
4.8	Informasjon og tilrettelegging	"	22

## 1. NATURGRUNNLAG OG BRUK

### 1.1. Kvar statsallmenningen ligg

Aurland fjellstyre forvaltar bruksrettane i tre statsallmenningar:

- Aurland nordre statsallmenning: Ligg lengst nord i Aurland kommune. Grensar til Lærdal (Frønningen) i nord og Aurlandsfjorden i vest.
- Aurland søndre statsallmenning: Strekkjer seg frå vegen Aurland - Erdal og 25 km søraustover langs kommunegrensa mot Lærdal, til han vert avgrensa av fylkesgrensa mot Buskerud aust for Svarterandane. Allmenningen held fram gjennom øvre delen av Aurlandsdalen (Stemmerdalen) og omfattar deler av Vestfjelli, vestover til og med Storskavlen.
- Broksfjellet: Ligg sør for Myrdal. Allmenningen grensar til fylkesgrensa mot Hordaland i sør, og heng saman med større allmenningsområde i Ulvik kommune.

Statsallmenningane i Aurland dekkjer følgjande areal:

Aurland nordre statsallmenning:	64.300 dekar
Aurland søndre statsallmenning:	376.800 "
Broksfjellet:	8.300 "
Til saman:	449.400 dekar

### 1.2. Topografi, berggrunn og klima

Det meste av allmenningen ligg som eit kupert viddelandskap over 1400 m.o.h., der djupare bre- og vassforma dalar skjer seg inn. Aurlandsdalen er det mest markerte dalføret. I Nordheimsdalen går allmenningen heilt ned til sjøen.

Berggrunnen er variert, med innslag både av grunnfjell, Jotundekke og kambro-silurbergartar (fyllitt).

Årsnedbøren i Aurland er låg nede ved fjorden (600-700 mm), men kan vera tre gonger dette (>2000 mm) einskilde stader i høgfjellet. Dette gjer at snømengdene kan verta store om vinteren, med det resultatet at store snøfener vert liggjande utover sommaren, og det vert sein isløysing på dei høgstliggjande fjellvatna.

### 1.3. Vegetasjon

Det meste av allmenningen ligg i den høg- og mellomalpine sona, der ein finn rabbesamfunn med lav, mose, gras- og halvgrasartar, i tillegg til snøleiesamfunn med musøyre og ulike mosar. Store område er dekte av blokkmark og permanente snøfenner.

Området frå Stemmerdalen og framover mot fylkesgrensa høyrer til den lågalpine sona, med ulike lyngartar, vier og dvergbjørk. I dette området finst det mange kalkkrevjande planteartar, m.a. ein del austlege artar som ein elles finn lite av på Vestlandet.

I Aurland nordre statsallmenning ligg Nordheimsdalen, eit dalføre med mykje fureskog opp til omlag 900 m.o.h. Ovanfor dette er det eit belte med fjellbjørkeskog.

### 1.4. Fisk

I allmenningen ligg det omlag 140 vatn som er større enn 20 da. Det samla arealet av desse er omlag 46.000 daa. Dei fleste vatna ligg høgare enn 1400 m.o.h.

I mange av desse vatna har det vore sporadiske fiskeutsetjingar frå 1920-talet og framover. Frå 1973 har det vore årlege, systematiske fiskeutsetjingar. Det er utsett fisk i langt dei fleste av vatna.

Det er grunn til å tru at den naturlege rekrutteringa er dårleg eller fråverande i dei fleste vatna som ligg høgare enn 1400 m.o.h. Fiskeutsetjing er såleis eit vilkår for å halda oppe fiskebestandane i desse vatna.

Tabell 1:

Tal sommargammel setjefisk utsett i Aurland statsallmenning 1993 - 2009:

År	Utsett av fjellstyret	Utsett av ECO Vannkraft
<i>Gjennomsnitt 1993-1999</i>	<i>9.300</i>	<i>12.000 1-somr.+ 4000 2-somr.</i>
<i>Gjennomsnitt 2000-2005</i>	<i>9.230</i>	<i>27.000 1-somrige</i>
2006	7.050	Ca. 27.000 1-somrige
2007	7.800	Ca. 27.000 1-somrige
2008	7.800	Ca. 27.000 1-somrige
2009	6.800	Ca. 27.000 1-somrige
<b>Gjennomsnitt 2006-2009</b>	<b>7.360</b>	Ca. 27.000 1-somrige

Tala i tabellen omfattar berre fiskeutsetjing i statsallmenningsvatn.

Kommentar: E-Co Vannkraft (tidlegare Oslo Energi Produksjon) er pålagt å setja ut fisk i dei fleste regulerte vatn. Frå og med 1993 vart Oslo Energi sitt utsetjingspålegg i Nyhellermagasinet endra frå 15.000 sommargamle setjefisk til 4000 tosomrige. I 2000 vart pålegget omgjort att, slik at det frå og med 2000 berre vert nytta sommargamal setjefisk.

Elles har fjellstyret redusert utsetjingsmengdene noko dei siste åra. Grunnen er at ein ser at mykje av fisket føregår i reguleringsmagasin nær veg, slik at det i mange andre vatn vert for lite fiska. Det har vore tilfelle der lite fiske kombinert med stadige utsetjingar har ført til for tette bestandar, slik at tynningsfiske har vorte naudsynt.

Tabell 2:

Fiskekortsålet (stongfiske) i statsallmenningen frå 1992 til 2009:

År	døgnkort	3 dagar	1 veke	Sesong	Totalt
Gj.snitt 1992-96	103	36	12	11	162
Gj.snitt 1997-2005	*	*	*	*	Ca. 192
2006	*	*	*	*	Ca. 367
2007	*	*	*	*	Ca. 222
2008	*	*	*	*	Ca. 325
2009	*	*	*	*	Ca. 353

Kommentar: \*Frå 1997 er fiskekortsålet administrert av Aurland fiskeadministrasjon, og Aurlandskortet (som omfattar alle sonene) er medteke i totalsalet i tabellen. Aurland fiskeadministrasjon har dei siste åra ikkje ført detaljerte oversiktar over korleis kortsålet fordeler seg på døgnkort, vekekort o.s.b., men det er berekna eit samla tal på selde kort ut frå fjellstyret si inntekt av kortsålet. Som ein ser har det vore ein fin auke i talet på selde fiskekort sidan fellesordninga vart oppretta.

Aurland Fiskeadministrasjon vart oppretta i 1997 i samarbeid mellom fjellstyret og dei private grunneigarane, som eit organ som skulle organisera ei felles fiskekortordning i fjellet. Dette gav som resultat at det meste av fjellområda i kommunen no er dekt av fiskekortordninga. I tillegg til statsallmenningen, er det 6 fiskekortsoner på privateigd areal. Ordninga inneber at det vert nytta ei felles kortblokk med høve til avkryssing av sone, eit kart over fiskekortsonene er opptrykt, og ein får høve til å løysa felleskort som dekkjer alle sonene ("Aurlandskortet"). Dette kortet kan og kjøpast gjennom nettportalen inatur.no.

Tabell 3:

Selde garnkort og fiskefangst på garn i statsallmenningen frå 1992 til 2009:

År	Selde kort	Levert rapport	Innsats, garnnetter	Tal fisk	Kg. fisk	Snittvekt	Kg. fisk pr. garnnatt
Gj.snitt 1992-96	95	82 (86%)	1471	3031	1006	0,33	0,68
Gj.snitt 1997-2005	103	98 (95 %)	1902	4553	1755	0,38	0,92
2006	105	104 (99%)	1571	3799	1657	0,44	1,08
2007	107	100 (93%)	1186	2891	1161	0,40	0,98
2008	114	106 (93%)	1757	3354	1563	0,47	0,89
2009	116	114 (98%)	1852	5100	2091	0,41	1,13
Gj.snitt 2006-2009	110	106 (96 %)	1592	3786	1618	0,43	1,02

Kommentar: Talet på selde kort har vore stabilt / svalt aukande. Innrapporteringa av fangstar er svært god, m.a. som eit resultat av at fjellstyret legg ein del arbeid i å senda påminning til dei som ikkje har levert rapportar. Total sesongfangst har gått ned litt frå føregåande periode. Det har samanheng med at fiskeinnsatsen pr. fiskar har gått ned noko i gjennomsnitt. Gjennomsnittsvakta og fangsten pr. garnnatt

har hatt ein fin auke. Fangsten i Nyhellermagasinet står normalt for kring 50 % av sesongfangsten. Samstundes har mange gode fiskevatn lege nesten unytta.

### 1.5. Småvilt

Det er fjellrype og hare som er dei mest aktuelle småviltartane å driva jakt på i statsallmenningen. Av andre jaktbare artar kan nemnast lirype, raudrev, og meir sporadisk artar som fiskemåse og andefugl. Skogsfugl (orrugl og storfugl) finn ein i skogsområda i Aurland nordre statsallmenning, men desse artane vart freda gjennom vedtaket om barskogreservat i denne allmenningen.

I 2004 vart det inngått eit samarbeid om felles jaktkortområde mellom fjellstyret og Myrdal sameige, ved at eit felles jaktkort vert selt for allmenningen ved Broksfjellet og det tilgrensande privateigde området ved Myrdal. Dette kortet ligg no som eit eige tilbod på nettsida *inatur.no*.

Jaktstart har i mange år vore 10. september, men vart endra til 15. september frå og med hausten 2005. Det er fritt kortsal for småviltjakt i allmenningen, men først lov å jakta med hund etter 1. oktober. Jaktkort vert selt m.a. på turishyttene i Aurlandsdalen, på turistkontoret og på fjellstyrekontoret. I tillegg vert det selt kort på nettsida *inatur.no*.

Tabell 4:

Salet av jaktkort for småvilt i statsallmenningen frå 1992 til 2009:


År	1 dag	2 dagar	3 dagar	1 veke	Sesong	Totalt	Levert jaktrapp.
<i>Gj.snitt 1992-96</i>	20	30	21	14	15	99	
<i>Gj.snitt 1997-2005</i>	49	71	59	25	36	240	64 (26%)
2006	54	61	39	12	25	191	76 (40%)
2007	63	91	40	15	24	233	74 (32%)
2008	47	40	38	8	29	162	17 (10%)
2009	47	74	41	16	33	211	41 (19%)
<b>Gj.snitt 2006-2009</b>	53	67	39	13	28	200	52 (26 %)

*Kommentar: Endring av startdato frå 10. til 15. september i 2005 førde til ein nedgang i kortsalet, noko som og var noko av intensjonen med endringa. Kortsalet har stabilisert seg på eit lågare nivå dei siste åra i høve til kva det låg på dei første åra etter 2000. Den dårlege småviltbestanden dei siste åra er sjølvsagt medverkande til nedgangen. Meir enn 90 % av dei som jaktar er utanbygdsbuande.*

### Fellingsstatistikk for ryper:

Frå og med jakta 1995 vart det innført ei ordning med innrapportering av jaktresultat.

Diagrammet nedanfor viser kva som er innrapportert felt, og berekna felling dersom ein går ut frå at utbytet for dei som har levert rapport er representativt for alle som har jakta. Denne berekninga er usikker, då ein må rekna med at mange av dei ivrigaste jegerane er mellom dei som sender inn jaktrapport. Ein kan såleis rekna med at det reelle talet på felte ryper ligg ein stad imellom dei to kurvene.



**Fig. 1:**

Diagrammet viser talet på ryper som er innrapportert felt og kva som er berekna felt i perioden 1999 – 2009.

Kvar jeger jakta i gjennomsnitt 2,3 dagar. Dette talet har gått ned dei siste åra, frå 2,4 dagar pr. jeger i første delen av perioden til 2,0 dagar dei siste 4 åra. Gjennomsnittleg jaktutbyte varierte frå 0,6 ryper pr. jaktdag (2006, -07 og -08) til 1,5 ryper pr. jaktdag (2002).

## 1.6. Villrein

Stort søkjartal saman med låge fellingskvotar på 90-talet og framover har gjort at berre innanbygdsbuande jegerar har fått tildelt fellingsløyve i allmenningen.

Tabell 5:

Talet på innanbygdsbuande søkjarar/jegerar, fellingsløyve og fellingstal i statsallmenningen 1992 – 2009.

År	Tal søkjarar	Søkjarar tildelt	Tal løyve	Felt	Felling %
<b>Gj. snitt 1992-96</b>	<b>149</b>	<b>96</b>	<b>115</b>	<b>44</b>	<b>26 %</b>
<b>Gj.snitt 1997-2005</b>	<b>190</b>	<b>73</b>	<b>110</b>	<b>70</b>	<b>64 %</b>
2006	211	57 (+13*)	88	51	58 %
2007	208	55 (+6*)	82	52	63 %
2008	207	57 (+3*)	82	46	56 %
2009	226	56	88	36	41 %
<b>Gj.snitt 2006-2009</b>	<b>213</b>	<b>56</b>	<b>85</b>	<b>46</b>	<b>54,5 %</b>

\*tala i parentes gjeld fellingsløyve overførde frå Hallingdal, og som kjem i tillegg til den ordinære kvoten.

*Kommentar: Jakta i Aurland har betra seg sidan 1. halvdel av 1990-talet. Dette har nok mest samanheng med reinen sin endra bruk av området. Aurland sine beiteområde har vorte tekne meir i bruk enn før. Betre jaktresultat har og auka interessa for å jakta, med auka søkjartal som følgje. På heile 90-talet var jakta i Aurland konsentrert om Austfjelli, då ein i Vestfjelli hadde restriksjonar på jakta, med siktemål å byggja opp att reinsstamma der. Frå vinteren 1999-2000 endra dette seg radikalt, då omlag 1000 dyr trekte over frå Aust- til Vestfjelli, og har sidan meir eller mindre halde seg der. Slik vart det aktuelle jaktområdet i Aurland mykje større enn det hadde vore på 1990-talet. Dei siste åra har fellingsprosenten gått ned att litt, av di flokkane har halde seg meir i andre deler av villreinområdet under jakta.*

### Samjaktavtalar

Fjellstyret har i 2010 nya opp att samjaktavtalen mellom statsallmenning og private jaktfelt i Aurland, første gong oppretta i 1976. I 2009 vart det oppretta ein omfattande samjaktavtale som omfatta alle statsallmenningane i Nordfjella, i tillegg til mange privateigde jaktfelt. Endå fleire jaktfelt slutta seg til avtalen i 2010.

## 1.7. Elg og hjort

Elg- og hjortejakta som fjellstyret forvaltar ligg i Nordheimsdalen (Aurland nordre statsallmenning). Valdet har eit areal på omlag 11.200 daa. Årleg fellingskvote har auka frå 7 hjortar tidleg på 1990-talet til 11 dyr dei siste åra. Elgkvoten har vore 1 dyr pr. år heile tida sidan området vart opna for elgjakt i 1987. Frå og med 2004 vart valdet delt i to jaktfelt, eitt øvre og eitt nedre. Aurland jakt- og fiskelag leiger

det øvre og tildeler jakta etter loddtrekning, der innanbygdsbuande s kjarar har prioritet. Det nedre feltet vert utleigt av fjellstyret til jaktlag etter trekning der innan- og utanbygds jaktlag stiller likt.

Fellingsprosenten for hjort har jamnt over vore h g, for det meste over 80 % kvart  r dei siste 15  ra og mange  r p  100 %. Elg vert det ikkje felt kvart  r, berre 6 gonger i heile perioden. Dei fleste  r vert det sett elg under jakta.

Det er no igangsett arbeid med ein felles driftsplan for eit st rre område i Aurland, i samband med at det er organisert eit hjorteutval i kommunen.

Tabell 6:

Fellingskvote og fellingstal for hjort og elg 1991-2009:

�r	Tal hjortel�yve	Felte hjort	Felling %	Tal elgl�yve	Felt elg
1991	7	6	86 %	1	-
1992	7	7	100 %	1	-
1993	9	8	89 %	1	-
1994	9	9	100 %	1	-
1995	9	9	100 %	1	-
1996	10	8	80%	1	-
1997	11	11	100 %	1	1
1998	11	9	82 %	1	-
1999	11	11	100 %	1	1
2000	11	11	100 %	1	1
2001	11	11	100 %	1	-
2002	11	11	100 %	1	-
2003	11	10	91 %	1	1
2004	11	10	91 %	1	-
2005	11	9	82 %	1	-
2006	11	10	91 %	1	-
2007	11	11	100 %	1	1
2008	11	11	100 %	1	1
2009	11	8	73 %	1	-
<b>Gj.snitt 1991-2009</b>	<b>10</b>	<b>9,5</b>	<b>95 %</b>	<b>1</b>	<b>0,3</b>

## 1.8. Landbruk

### Beite

Stemmerdalen sankelag slepper  rleg 1200-1400 sauer/lam p  beite i allmenningen. Talet har vore noks  stabilt dei siste  ra.

I Aurland nordre statsallmenning vert det ikkje sleppt sau. Her kan det koma inn noko sau fr  Fr nningen og fr  tilgrensande område i Aurland. Elles er det meir sporadisk beiting av sau som kjem inn i andre deler av allmenningen, fr  tilgrensande privateigde område.

Fjellstyret har hittil ikkje funne det naudsynt   nytta seg av retten som ligg i   16 i Fjellova til   fastsetja n rare reglar for beitebruken i allmenningen.

Stølsdrift

I Aurland nordre statsallmenning ligg det tre stølar som har vore i drift i nyare tid, og der det enno står sel: Øygdalen, Nordheimsdalen og Kolaren. Brukaren på Breisnes slutta med stølsdrifta i 1981.

I Stemmerdalen og områda rundt er det mykje restar etter tidlegare stølsdrift. Murar etter sel finn me både i sjølve Stemmerdalen, i Vestaforbøtn og i Håbergsholene.

Nokre av steinsela i Stemmerdalen er haldne vedlike. Dette er sel som vart nytta av driftakarane som driv med krøterhandel fram til 1950-talet.

**1.9. Hytter og andre bygg**

<u>Fjellstyrehytter</u>	<u>GPS – referanse (WG 84)</u>
1. Storebotnhytta (7 senger)	32 V 398077 6767860
2. Melahytta (12 senger)	32 V 418675 6754382
3. Hellenuthytta (6 senger)	32 V 422832 6751994
4. Brubotnhytta (5 senger)	32 V 422002 6735411
5. Mydlovasshytta (6 senger)	32 V 415913 6736233
6. Berdalsbu, tidlegare linjehytte	32 V 414330 6740327
7. Håbergsholene, tidlegare linjehytte	32 V 417846 6740639
8. Naust ved nedste Storebotnvatnet	32 V 397786 6768094
9. Naust ved Hellenutvatnet	32 V 423784 6752480
10.. Naust ved Holmavatnet	32 V 426852 6745923
11. Heller ved "Namnlausvatnet," Vargene	32 V 414062 6730067

E-CO Vannkraft sine hytter og bygg

1. Naust ved Katlavatnet	32 V 416967 6741004
2. Garasje Brubotn	32 V 422093 6735591
3. Radiohytte v. Store Vargevatnet	32 V 420000 6731984
4. Radiohytte v. Svartavatnet	32 V 419841 6734129
5. Radiohytte v. Kreklevatnet	32 V 407806 6740272

Andre større hytter:

1. Kongshelleren, DNT	32 V 429277 6738674
2. Steinbergdalen Turisthytte	32 V 422691 6739020
3. Linjehytte Ertraug, Statnett	32 V 403757 6764750
4. Linjehytte Brubotn, Statnett	32 V 422015 6735478

Private jaktbuer som har avtale med Statskog:

1. Jaktbu i Norddalsbakkane	32 V 416068 6759540
2. " " "	
3. " " "	
4. " " "	
5. " " "	
6. Jaktbu i Gronosi	
7. " " "	
8. Jaktbu på Langafonni	
9. Jaktbu ved Sleipåfjellet	
10. Jaktbu nord for Holmavatnet	32 V 426718 6746906
11. Jaktbu i Grønebotn	

- 12. Jaktbu ved Svarterandane
- 13. Jaktbu nord for store Vargevatnet
- 14. Jaktbu ved Skomabreen

Andre jaktbuer og hellerar:

- 1. Norrdalshelleren
- 2. Heller i Storemelen
- 3. Kvalrygghytta
- 4. Heller ved Gronosi
- 5. Heller i Svarterandane
- 6. Alvshelleren
- 7. Heller ved Eitrevotni

GPS – referanse (WG 84):

32 V 423058 6754237

Stølshus, skogshusvere og driftabuer:

- |                                       |                     |
|---------------------------------------|---------------------|
| 1. Øygarden, sel                      | 32 V 396725 6766938 |
| 2. Nordheimsdalen, sel                | 32 V 396278 6768156 |
| 3. " " "                              | 32 V 396278 6768156 |
| 4. Kolaren, sel                       | 32 V 399265 6765162 |
| 5. Brendelhytta Nordheimsdalen        | 32 V 395811 6767079 |
| 6. Nordheimsdalen, hytta ved sjøen    | 32 V 395145 6766589 |
| 6. Stemmerdalen, steinbu (Jensaselet) | 32 V 422722 6739173 |
| 7. " " " (Tyselet)                    | 32 V 422765 6738961 |
| 8. " " " (Per-Olaselet)               | 32 V 422780 6738789 |
| 9. " " " (Veumselet)                  | 32 V 422733 6738809 |

### 1.10. Sti og løypenett

I den øvre delen av Aurlandsdalen er turistløypa mellom turisthyttene Geiteryggen, Steinbergdalen og Kongshelleren den mest nytta i dag, både sommar og vinter. Det finst elles mange eldre driftevegar og rekkjer i høgjellet, som t.d. driftevegen som går frå Flåmsfjella til Hednedalen og vidare til Vargene og Bakkahelleren. Buforvegen til fleire av stølane fremst i Aurlandsdalen går framom Rusti, over Langedalsfjellet og vidare framover.

I Aurland nordre statsallmenning er det god stølsveg frå sjøen og opp til stølane Øygarden og Nordheimsdalen, og derifrå vidare til Kolaren.

Dette nettet, med både eldre og nyare rekkjer og løyper, kjem godt fram på "Sti- og løypekart for Aurland herad," laga av Kaare Sønnerheim i 1996.

### 1.11. Vegar og tekniske inngrep

Rv. 50 mellom Hol og Aurland er den viktigaste trafikkåra gjennom allmenningen. Denne vegen går gjennom allmenningen frå fylkesgrensa i Råsdalane til dammen på Vettlebotnvatnet. Vestover frå rv. 50 går anleggsvegane til store Vargevatnet og til Håbergsholene. Frå Vettlebotn går anleggsvegen til

Nyhellerdammen, heilt inn til grensa mot statsallmenningen. Anleggsvegen frå Stonndalen til Langavatnet går og inn mot grensa til statsallmenningen.

Fleire store reguleringsmagasin ligg i Aurland statsallmenning. Dei største av desse er Nyhellermagasinet, Katlamagasinet, store Vargevatnet, Svartavatnet, nedste Mydlovatnet og Langavatnet/Adamsvatnet.

Gjennom Aurland søndre statsallmenning går det to store overføringsleidningar for elektrisk kraft, og fleire mindre. Området Stemmerdalen – Håbergsholene – Rosssdalane er særleg belasta med kraftliner. Overføringslina mellom Vassbygdi og Fardal kryssar Aurland nordre statsallmenning.

## 1.12. Økonomi

Tabell 7:

Oversikt over fjellstyret sine totale inntekter, utgifter og resultat 1992-2009:

År	inntekter	utgifter	årsresultat
<i>Gj.snitt 1992-1996</i>	<i>615.000</i>	<i>523.000</i>	<i>92.000</i>
<i>Gj.snitt 1997-2005</i>	<i>959.000</i>	<i>901.000</i>	<i>58.000</i>
2006	1.494.000	1.444.000	50.000
2007	1.445.000	1.567.000	-122.000
2008	1.541.000	1.528.000	13.000
2009	1.632.000	1.571.000	61.000
<i>Gj.snitt 2006-2009</i>	<i>1.528.000</i>	<i>1.527.000</i>	<i>1000</i>

## 1.13. Fjellstyret si rolle i forvaltninga

Fjellstyret er valt i medhald av "Lov om rettar og lunnende i statsallmenningane" (Fjellova). Fjellstyret har 5 medlemar med personlege varamedlemar, valde av kommunestyret for kommunevalperioden.

Fjellova fastset kva som er fjellstyret sine hovudoppgåver. Fjellstyret si fremste oppgåve er å administrera bruksrettane i statsallmenningane i kommunen. Dei viktigaste av desse bruksrettane er villreinjakt, småviltjakt, fiske, beite- og jordbrukstilknytte rettar. Fjellstyret er ansvarleg for eigen økonomi (fjellkassa), og er eit frittstående organ i høve til kommunale og statlege styresmakter.

Fjellstyret forvaltar ikkje grunneigarretten i statsallmenningen. Grunneigarretten vert forvalta av Statskog SF, som m.a. kjem inn i biletet når det er snakk om grunndisponeringstiltak. Statskog SF står og for forvaltninga av hjort- og elgjakta. Når det gjeld tilhøve omkring skogsdrift i statsallmenningen (aktuelt i Aurland nordre statsallmenning), er det eit eige allmenningsstyre som administrerer dette.

## 1.14. Oppsynsordning og administrasjon

Fjellstyret har i 2006 tre tilsette som utfører til saman 2 årsverk pr. år. Av dette er omlag eitt årsverk arbeid for andre instansar, som gjev inntekter til fjellstyret. Av dei største tenestekjøparane kan nemnast

Aurland Setjefisk BA (1/2 årsverk), Villreinutvalet for Nordfjella og Statens Naturoppsyn. I samsvar med fjellova får fjellstyret refundert frå Grunneigarfondet 50 % av dei oppsynsutgiftene som vedkjem statsallmenningen og drifta av denne.

## 2. PLANSITUASJON

### 2.1. Føreliggjande planer som vedkjem området:

- Kommuneplan for Aurland, arealdelen (vart revidert i 2009)
- Felles kommunedelplan for villrein for Nordfjella
- Fylkesdelplan for villrein i Nordfjella (planarbeid påbegynt i 2010)
- Fylkesdelplan for friluftsliv
- Norsk sti- og løypeplan

### 2.2. Verneområde

- Nordheimsdalen barskogreservat (omfattar det meste av dei skogkledde delane av Aurland nordre statsallmenning)
- Bleia-Storebotnen landskapsvernområde (omfattar det meste av Aurland nordre statsallmenning ovanfor skoggrensa)
- Nærøyfjorden landskapsvernområde (ein mindre del av Aurland nordre statsallmenning ligg innanfor dette verneområdet)
- Hallingskarvet nasjonalpark (ein liten del av denne nasjonalparken ligg innanfor Aurland søndre statsallmenning)
- UNESCO si verdsarvliste: Heile Aurland nordre statsallmenning ligg innanfor området som i 2005 kom inn på verdsarvlista. Verdsarvstatusen endrar ikkje på vernestatusen som området har frå før.

### 3. MOGLEG UTVIKLING

#### 3.1. Moglege framtidige ynskje om areal for utbygging:

- område for hyttebygging
- skianlegg sommar/vinter
- utbygging i samband med turistanlegg
- vasskraftutbygging/kraftlinjer
- utbygging av telekommunikasjon
- mineralutvinning

Pr. i dag føreligg det ingen søknader om utbygging innan nokon av felta som er nemnde ovanfor innanfor statsallmenningen, men det er kjent at E-CO Vannkraft har planar som inneber m.a. nye pumpestasjonar i samband med eksisterande vasskraftanlegg, både innan- og utanfor allmenningen.

#### 3.2. Organisert utnytting av området av framande aktørar.

- Aukande pågang frå ymse aktørar for å ta i bruk deler av allmenningen til organiserte gruppeturar med turleiar må ein vera førebudd på. Denne trafikken vil skje både langs dei merkte turløypene og utanfor desse. Frå før har ein gruppeturane til DNT, både sommar og vinter, langs dei T-merkte løypene.

#### 3.4. Sannsynleg utvikling av bruken av allmenningen til friluftsliv, jakt og fiske:

##### Camping og friluftsliv

- moderat vekst i fotturtrafikken - omlag 12000 går Aurlandsdalen kvart år
- tendens til meir ferdsle utanfor merkte løyper
- aukande interesse for organiserte turar med guide
- aukande interesse for nye aktivitetar som t.d. isklatring og kiting

##### Tilreisande sin bruk av allmenningen til jakt og fiske:

- aukande kortsal for sportsfiske dei siste åra
- stabil interesse for villreinjakta, ut frå søkjartal
- stor interesse for fjellstyret sitt jakitfelt for hjort, når dette vert utlyst
- svakt avtakande interesse for småviltjakta, truleg grunna utsett startdato og svake bestandar

*Kommentar: Småviltjakta trekkjer stadig fleire, utan noko form for marknadsføring. For å få ein tilsvarende auke i interessa for å fiska i området, trengst det truleg meir aktiv marknadsføring.*

##### Bygdefolket sin bruk av allmenningen til jakt og fiske:

Oversiktane for dei siste åra viser:

- stabil, stor interesse for garnfiske og sportsfiske
- aukande interesse for reinsjakt
- avtakande interesse for hjortejakta i Nordheimsdalen som vert utleigd gjennom AJF
- stabil, men moderat interesse for småviltjakt

Det er lite som tyder på at det vert store endringar i dette dei næraste åra.

### 3.6. Moglege konfliktområde - moglege samarbeidsområde

Moglege konfliktar:

- hyttebygging/sauehald
- turisme/villrein
- motorisert ferdsle i utmark/villrein

Aktuelle samarbeidsområde:

- felles fiske- og jaktkort med private område (gjennomført når det gjeld fiske)
- samarbeid med jakt- og fiskelaget og hjelpekorpsset om transportar og dugnader på hytter
- samarbeid med allmenningsstyret om tiltak i Nordheimsdalen
- samarbeid med turlaget og jakt- og fiskelaget om familiefiskedagar
- samarbeid med Sogn jord- og hagebruksskule om undersøkingar av fiskevatn
- Samarbeid med skulane i kommunen om fiskedagar for elevane, med tynningsfiske og prøvefiske

### 3.7. Moglege nye inntektsområde/potensiale for auka inntekt

- opna for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i einskilde vatn
- hytteutleige
- sal av oppsyns- og sekretærtjenester (til SNO, nabofjellstyre m.fl.)

Alle desse moglegheitene er prøvde i den føregåande planperioden. Av desse er det sal av tenester som gjev den største inntekta, omlag 1/3 av fjellstyret si bruttoinntekt.

Endringar/tillegg i plandelen nedanfor , i høve til tidlegare gjeldande plan, er skrivne med kursiv, utheva skrift.

## 4. PLANDEL

### Hovudmålsetjing

Statsallmenningane i Aurland skal forvaltast i samsvar med fjellova, på ein slik måte at ein fremjar tradisjonell næringsutøving i bygdene og utnyttinga av ressursane i allmenningen, samstundes som ein ivaretek naturvern- og friluftsiinteressene. Fjellstyret skal søkja å oppnå ein god balanse mellom bruk og vern.

Nedanfor vil fjellstyret skissera tiltak det kan vera aktuelt å setja i verk i komande 4-årsperiode.

### 4.1. Fiske og fiskestell

#### Fiskereglar

Fiskereglane bør gjennomgåast med jamne mellomrom (t.d. kvart 4.-5. år), for å tilpassa dei til bestandstilhøva i dei einskilde vatna. Revisjon av fiskereglane må samordnast med nye opptrykk av garnfiskekortet.

#### Overvaking av tilstanden i fiskevatna

- Aktiviteten med pH-målingar i vatn og vassdrag bør haldast på eit like høgt nivå som på 1990-talet.
- 2-3 vatn bør prøvafiskast kvart år, gjerne i samarbeid med Sogn jord- og hagebruksskule **og grunnskulen i Aurland**
- Innsamling av garnfangstrapportar er den viktigaste kjelda til å få oversikt over fiskebestandane, og skal halda fram. 90 % innrapportering er tilfredsstillande.

#### Fiskeutsetjing

For å halda oppe fiskebestandane er fiskeutsetjing naudsynt i dei fleste vatna. Totalnivået på den årlege fiskeutsetjinga i uregulerte vatn i statsallmenningen bør liggja på 6-8000 sommargamle setjefisk. I tillegg kjem ECO Vannkraft sine pålagde utsetjingar i regulerte vatn. All fisk vert kjøpt frå Aurland Setjefisk sitt anlegg.

5-10 setjefisk pr. ha vassareal er høveleg årsgjennomsnitt i vatn der det vert fiska ein del. Talet bør ikkje overstiga 20 sommargamle setjefisk pr. ha i noka einskildutsetjing. Erfaring viser at høgare utsetjingstal kan gje for tette bestandar. Fjellstyret vil halda på ein utsetjingsturnus som inneber utsetjing annakvart år i vatn der det vert fiska ein del, sjeldnare i vatn der det vert lite fiska.

Utsetjinga av fisk bør framleis gjerast på dugnad av interesserte bygdafolk. Som påskjøning for innsatsen vert dei som er med tildelte eit sesongkort for garnfiske.

### Omfanget av fisket

Dei siste 5 åra har det i gjennomsnitt vorte fiska **1618 kg** pr. år på garn i statsallmenningen. Dette var ein liten **nedgang (8 %)** i høve til føregåande 5-årsperiode. Ut frå talet på fisk som vert utsett, og etter ei vurdering av produksjonstilhøva, bør det vera rom for å auka gjennomsnittsfangsten til 2000-2500 kg pr. år.

### Tynningsfiske

**2009-2010 gjennomførde fjellstyret eit prosjekt med som gjekk på uttynning av fiskebestandane i nokre vatn i allmenningen, m.a. i Katlamagasinet og Vestredalsmagasinet. Ein lokal ungdom stod for fisket, der fjellstyret stilte med garn, båt og hytte. Fisken vart omsett til lokale reiselivsbedrifter. Fjellstyret ynskjer å utvikla dette prosjektet vidare, med sikte på å få eit fiske som gjev gode, livskraftige fiskebestandar i fjellvatna, kombinert med å få dette flotte råstoffet ut til serveringsverksemdene i kommunen.**

### Anna tilrettelegging for fiske

Det kan vera aktuelt å plassera båtar ved nokre av dei større fiskevatna, **i tillegg til dei 10 som ligg ute i sesongen no**, med tanke på at ein kan få auka fiskeinnsatsen ved å ha båt tilgjengeleg. **Ein må likevel balansera dette opp mot at tilbodet krev ein del tilsyn og arbeid med å sikra båtane før vinteren.**

Fjellstyret har opparbeidd ein tilrettelagt fiskeplass for rørslehemma i Stemmerdalen, i samband med plass for parkering, rasting og informasjon om tilboda (meir om dette i kap. 4.8 nedanfor).

**Fjellstyret har opna for eit avgrensa garnfiske for utanbygdsbuande i nokre vatn. Tiltbodet er avgrensa til overnattande på turisthyttene i Aurlandsdalen og utleiehytta i Håbergsholene. Fjellstyret ynskjer å utvikla tilbodet vidare, med sikte på å få auka bruken.**

## 4.2. Småvilt

### Jaktreglar

Fjellstyret gjennomførte ein grundig gjennomgang av jaktreglane i 1995 og endra i 2005 startdato for småviltjakta frå 10. til 15. september. Det kan vera aktuelt å gjennomføra ein ny gjennomgang av jaktreglane i planperioden, på bakgrunn av den store pågangen av jegerar. Det har fram til no vore fritt kortsal for småviltjakta.

Moglege tiltak for å spara bestanden i svake produksjonsår for rype:

- Avgrensa talet på kort
- Innføra "bag limit," d.v.s. avgrensing i talet på fugl pr. jeger og dag.

Innrapporteringa av jaktresultatet for småvilt har vorte **dårlegare dei siste åra, og ligg no (2008-09) på under 20 %**. Ein bør difor ta sikte på å få betra innrapporteringa, for å få ein meir påliteleg jaktstatistikk. Å informera på jaktkortet om at jaktrapport kan sendast fjellstyret via e-post kan vera eitt verkemiddel. **Eit anna verkemiddel kan vera å ta i bruk inatur sitt system for fangstrapporering.**

### Kortsamarbeid

Fjellstyret er ope for å gå inn i samarbeid om felles jaktkort for statsallmenning og tilgrensande private område der dette kan vera naturleg, slik det i førre planperiode vart gjort for området Myrdal – Broksfjellet.

Det bør vera eit mål å få laga eit kart over kortområda for småviltjakt i kommunen, på same måten som ein har fått til når det gjeld fiske.

### Viltstell

Viltstelltiltak for fjellrypa, som er det viktigaste småviltet i området, er lite aktuelt. Lokalt kan det ha ein effekt å beskatta predatorar som rev, røysekatt og ramn.

## 4.3. Villreinformvaltning

Hovudlinjene i fjellstyret si jaktforvaltning vil framleis byggja på:

- Samjaktavtalen mellom statsallmenningen og private jaktfelt i Aurland.
- Prioritering av innanbygdbuande jegerar for fellingsløyva (for å verta rekna som innanbygdsbuande søkjar er kravet at ein var registrert busett i Aurland kommune pr. 1. januar i søknadsåret).
- Fjellstyret sluttar fullt opp om målsetjingane i driftsplanen for Nordfjella villreinområde.

Det er ynskjeleg både å halda på ein høg fellingsprosent og å arbeida for å få ei betre jaktutøving. Det er og ynskje om å vri beskatninga frå dei største dyra innan kvar aldersgruppe til mindre dyr.

Aktuelle tiltak vil vera:

- Samjaktavtalar med tilgrensande område i nabokommunar. ***Omfattande samjaktavtale over kommunegrensene er oppretta i 2009-2010.***
- Stimulera til deltaking i skytetrening og frammøte på jegermøte ved å lodda ut fellingsløyve (har så langt bidrege til stor interesse for treningskveldane).
- Stimulera til at yngre jegerar får opplæring ved å tildela fellingsløyve til jaktlag samansett av "nyeksaminerte" jegerar med instruktør.
- ***Trekking av gratis fellingsløyve for simle og kalv til neste års jakt mellom dei som feller simle eller kalvar med vekter under visse vektgrenser er innført i samarbeid med grunneigarlaget for villreinvalid. Fjellstyret vil vidareføra ordninga.***

### Rutinar for tildelinga av fellingsløyve

- Fellingsløyva vert utlyste ut med søknadsfrist kring 1. juni.
- Søkjarar som søkte, men som ikkje vart tildelte kort året før, vert prioriterte.
- ***Det vert normalt tildelt maks eitt fellingsløyve pr. jeger (tidlegare vart kalvekorta tildelte saman med simle-/ungdyrkort, men frå 2010 er det vedteke å selja kalvekorta einskildvis).***
- Det er høve til å overdra fellingsløyve, i samsvar med fjellstyrevedtak i sak 44/91: *"Overdraging av kort dei første 14 dagane av jakta må skje gjennom fjellstyret. Kort kan innløysast av fjellstyret til ein redusert pris, utrekna i høve til tidspunktet i jakta, og vert selt vidare til varamann til denne prisen. Seinare i jakta kan kort overdragast direkte frå jeger til jeger etter godkjenning av fjellstyret. Kvar einskild fjellstyremedlem og oppsynet til fjellstyret får fullmakt til å godkjenna slik*

*overdraging. Begge partar, både den som overdreg og den som overtek kort, vert å rekna som tildelte kort dette året, med omsyn til evt. prioritering av søkjarar neste år."*

- Fjellstyret kan godkjenna jaktlag med inntil 3 deltakarar, der alle er tildelte statsallmenningkort. Det er høve til å få registrert jaktlag både før og under jakta. **Alternativt vurderer fjellstyret å ta vekk jaktlagsordninga, og ynskjer høyringsinnspel om dette.**
- Førstegongssøkjarar under 20 år, eller som fyller 20 år i søknadsåret, vert prioriterte ved tildelinga av fellingsløyve. Søkjaren må ha fyllt 16 år før jakta startar for å få tildelt løyve.
- Når den som er tildelt fellingsløyvet er under 18 år, og såleis må ha følgje med ein vaksen person under jakta, kan og tilsynsjegeren sitt namn stå på kortet, og dei to fungera som eit jaktlag.
- Den som er tildelt fellingsløyve, og av særlege grunnar ikkje får høve til å nytta seg av løyvet, kan søkja fjellstyret om å få utsett dette til året etter. Søknad om slik utsetjing må vera motteken av fjellstyret innan 1. august, og vert handsama av fjellstyreleiar og dagleg leiar i fellesskap. Fjellstyret fastset retningsliner for kva som skal reknast som "særlege grunnar."
- Vedtak i sak 38/02 lyder: *"Fjellstyret opnar for at innanbygdsbuande jegerar kan jakta i Aurland statsallmenning med fellingsløyve som dei har skaffa seg i andre vald i Nordfjella på følgjande vilkår:*
  - *Inntil to fellingsløyve pr. jeger*
  - ***Fjellstyret, i samråd med grunneigarlaget, kan krevja ei avgift pr. overført kort som avspeglar meirverdien tilgang til jaktområdet gjev, og i tillegg dekkjer kostnaden med administrasjon av ordninga.***
  - *Fjellstyret kan vedta at avtalen gjeld for eit avgrensa tidsrom, og for eit avgrensa område."*

#### 4.4. Elg- og hjorteforvaltning

*Fjellstyret sitt elg- og hjortevald i Nordheimsdalen er på 11.200 daa. Fjellstyret ser det som naturleg at området i framtida inngår i eit storvald, saman med andre jaktområde i kommunen som no er eigne vald. For elg kan det vera aktuelt å sjå på eit samarbeid om driftsplan med tilgrensande nabovald i nabokommunen Lærdal.*

#### 4.5. Beite og andre landbruksinteresser

I deler av allmenningen, særleg innan Aurland nordre statsallmenning, kan det vera beitegrunnlag for meir sau enn det ein har i dag. Fjellstyret ser det likevel ikkje som aktuelt å leiga ut beite til brukarar frå andre kommunar. Ein eventuell auke i talet på beitedyr i området må koma som ei følgje av at dei som har sau i området i dag aukar dyretalet, eller at det på annan måte melder seg eit behov innan kommunen.

Fjellstyret vil halda på ordninga med at fjellstyret sitt sesongoppsyn som ein del av jobben har tilsyn med sau i Stemmerdalsfjella. Denne ordninga oppstod då fjellstyret etter kraftutbygginga fekk utbetalt erstatningar som m.a. skulle dekkja tilsyn med sau. Ordninga har fungert bra, men bør evaluerast med jamne mellomrom av fjellstyret og Stemmerdalen sankelag. Auka bestand av jerv gjer at rovdyr no utgjer eit større trugsmål enn før mot beitedyr i området.

Laushundar kan gjera stor skade på beitedyr. Fjelloppsynet skal prioritera informasjon om bandtvang for hund og kontrollera at denne vert overhalden.

Hytta i Brubotn, som fjellstyret overtok frå dåverande Oslo Energi, bør framleis disponerast av sankelaget som base for sauegjetar/sesongoppsyn i sommarsesongen (15. juni - 30 sept.), slik det går fram av bruksavtalen inngått i 1993.

#### 4.6. Hytter og andre fysiske tiltak

Framlegg til reguleringsplan for eit hytteområde i Stemmerdalen vart handsama av kommunestyret i 1991, men fekk ikkje fleirtal der. Det aktuelle området ligg under arealkategorien "LNF-Villreinområde" i kommunedelplanen for villrein for Nordfjella/Hardangervidda villreinområde. *I Aurland kommune sin kommuneplan (arealdelen) for 2008-2020 er det ikkje planlagt tiltak som vedkjem statsallmenningen i særleg grad.*

Fjellstyret ser det som lite aktuelt å byggja fleire opne fjellstyrehytter i allmenningen. Oppgåva vert først og fremst å ta godt vare på dei hyttene me har. *Fjellstyret har i den siste planperioden overteke to linjehytter frå Statnett ; Berdalsbu og hytta i Håbergsholene.*

Fjellstyret ynskjer ikkje å gå ut med informasjon som fører til auka bruk av fjellstyrehyttene av andre grupper enn dei som desse opphavelag vart bygde for, d.v.s utøvarar av jakt og fiske og lokale turgåarar. *Unnataket er utleigehytta i Håbergsholene, som fjellstyret ynskjer vert utleigd meir enn det som har vore tilfelle til no. Det er aktuelt å ta i bruk nettportalen "inatur" for å auka utleiga av hytta.*

Med tida vil fleire av dei jaktbuene som er oppsette av private i allmenningen tilfalla fjellstyret, ut frå avtalane som vart oppretta mellom eigarane og Statskog. Fjellstyret må då i kvart enkelt tilfelle vurdere om det er grunnlag for å kosta framtidig drift og vedlikehald, eller om bygget bør fjernast.

Omådet Brubotn - fylkesgrensa, frå naturen si side eitt av dei finaste områda i allmenningen, er etter kvart vorte belasta med store tekniske inngrep av ulike slag.

Det har opp gjennom åra stadig kome søknader frå ulike hald om løyve til nye tiltak i området, som t.d. teleinstallasjonar. Fjellstyret vil i åra framover halda ei restriktiv line med omsyn til nye tiltak i området, så langt som fjellstyret kan påverka dette. Fjellstyret/fjelloppsynet skal vera merksame på opparbeiding/varding av nye, ikkje godkjende turløyper i området, og ta opp eventuelle slike saker med dei rette instansar.

#### 4.6. Bruken av fjellvegane

To anleggsvegar ligg innanfor Aurland statsallmenning. Dette er vegen som går frå rv. 50 til store Vargevatnet, og vegen til Håbergsholene. Vegane er viktige for utøvinga av fiske og jakt i Vestfjelli. Samstundes fører trafikken på og ved vegane til meir uro for villreinen i desse områda.

Vegen til Nyhelleren er og viktig i samband med jakt og fiske i statsallmenningen, sjølv om vegen ligg på privat grunn.

#### 4.7. Oppsynsteneste

Fjellstyret ser det som ynskjeleg å halda fram med ei oppsyns-/sekretæreneste med **omlag** 2 årsverk. Av dette er ½ årsverk arbeid for Aurland Setjefisk BA (driftsansvar for setjefiskanlegg), og 6 månadsverk sesongoppsyn.

Det er aktuelt med eit utvida samarbeid med andre instansar om oppsynstenester. Frå før utfører fjellstyret oppsyns- og sekretærenester for villreinutvalet. Andre aktuelle samarbeidspartar kan vera grunneigarlag, Statens Naturoppsyn og andre fjellstyre i Nordfjella. Dersom fjellstyret inngår samarbeidsavtalar som medfører auka sal av tenester, vil det vera naturleg å auka talet på månadsverk som fjellstyret har arbeidsgjevaransvar for.

#### 4.8. Informasjon og tilrettelegging

##### Fysiske tiltak

Fjellstyret ynskjer ein aktiv bruk av statsallmenningane i kommunen, samstundes som denne bruken ikkje må koma i konflikt med viltet og omsynet til naturen elles. Difor vil fjellstyret prioritera tilretteleggingstiltak langs dei ferdsløårene som er mest nytta i dag, først og fremst rv. 50. Tiltaka som er nemnde nedanfor vart gjennomførde i 2003-2004. Tiltaka vart finansierte gjennom Grunneigarfondet, Fylkesmannen og Fylkeskommunen, i tillegg til eigeninnsats.

Gjennomførde tiltak:

- Utbygging av rasteplass i Stemmerdalen. Denne vart planlagd i samarbeid med Statskog SF og Statens Vegvesen.
- Fysisk tilrettelegging av fiskeplassar ved denne rasteplassen, ved at det er bygt veg langs vatnet for å letta tilkomsten for rørslehemma. Vegen kan nyttast av rullestolbrukarar.
- Informasjonstavler med opplysningar om fiske og beitebruk. Det vert her og informert om bandtvang for hund.

Planlagde tiltak:

- Supplera med informasjonstavler som viser merkte turløyper i området, og som har opplysningar om småviltjakt og villrein.
- Laga til ein enkel rasteplass med bord og benker ved avkøyrsla som tek av frå rv. 50 mot Håbergsholene

##### Rekrutteringstiltak

Tiltak som kan få fleire born og unge til å bli kjende med fjellet og få opplæring i jakt og fiske skal prioriterast. Døme på tiltak som fjellstyret/oppsynet har god erfaring med, er:

- Tilskiping av familiefiskedagar
- Klasseopplegg med fiskeutsetjing og fiske
- Tildeling av fellingsløyve for rein i samband med opplæringsjakt for nye jegerar (jaktlag samansett av "nyeksaminerte" jegerprøvekandidatar + instruktør.

#### Tilgjenge til fiske- og småviltjaktkort

Folk som kjem til bygda for å driva fiske eller småviltjakt må på ein enkel måte få kjøpt seg kort for dette. Jakt- og fiskekorta må leggjast ut på salsstader som og er opne i helgane. Kort skal og kunna tingast hjå fjellstyrekontoret gjennom kontakt pr. brev, telefon, faks eller e-post.

Nokre av tilboda i statsallmenningen kan kjøpast direkte på nett, gjennom nettportalen inatur.no. Dette gjeld **all småviltjakt, både på området Broksfjellet – Myrdal og i statsallmenningen elles**, og det felles fiskekortet for Aurland, "Aurlandskortet," der sportsfiske i Aurland statsallmenning inngår.

#### Informasjon gjennom internett

Fjellstyret si heimeside på internett - [aurland-fjellstyre.no](http://aurland-fjellstyre.no) - skal innehalda relevant og oppdatert informasjon om fjellstyret og om tilboda i statsallmenningane i Aurland. For at kortprisar og andre faktaopplysningar heile tida skal vera oppdaterte, må oppdatering skje minimum **6** gonger pr. år. Fjellstyret vil vurderer å utvikla heimesida med oftare oppdatering, og meir utskifting av bilete og nyhende. Fjellstyret sine årsmeldingar og denne forvaltingsplanen skal liggja ute på heimesida. **Det same gjeld møteboka og saklista/sakene til fjellstyremøta.**

Fjellstyret vil fortløpande vurderer kor mykje og kva slags informasjon om tilboda i statsallmenningen som skal leggjast ut på nettportalen inatur.no, som fjellstyra er medeigar i gjennom fjellstyresambandet.

#### Fjellstyret sine møte

Innkalling og sakstilfang til fjellstyret sine møte vert, så sant det let seg gjera, utsendt til medlemne og varamedlemne minst **ei veke** før møtet. Sakstilfanget skal liggja til gjennomsyn på fjellstyrekontoret og på Aurland folkebibliotek, og i tillegg liggja ute på fjellstyret si nettside.

Fjellstyret har gjort vedtak (i sak 17/06) om at fjellstyremøta som hovudregel skal vera opne for publikum.



